

Julebutikken med stor JUL!



Heile butikken er fylt med jull!

Viss nokon har problem med å koma i julestemning i mangel på julesnøen, er det berre å ta turen innom Gros Blomster. Då garanterer eg at julestemninga kjem for fullt! Med det vakre synet i julefargar som møter ein, kan ein ikkje unngå det. Mange nyttar seg også av dette gode tilbodet så det er naturleg nok travelt på den dyktige og trivelege betjeninga.



Gro på veg over vegen med endå ein dekorasjon.

Då uskedalen.no stakk innom like etter opningstid fredag, møtte vi Gro sjølv på veg ut døra med ein flott juleoppsats. Den skulle over i Helgheimskjellaren, rett over vegen, som butikken har leigt som ekstra lagerplass no i førjulstida.

- Det kjem veldig godt med. Vi hadde ikkje klart oss utan Helgheimskjellaren no, seier Gro om det, og ho legg til at no kunne ho godt tenkt seg gangfelt der, for det vert mange daglege turar over vegen.

Inne i kjellaren står det tett med oppsatsar og blomar som skal leverast ut til kundar. Dei er fint sortert etter kor dei skal, då dei har levering til dei næraste bygdene. Gro fortel at dei har køyrt ut i fleire dagar. Dette er slikt som dei har fått inn bestillingar på, men aller kjekkast synes betjeninga det er når kundane kjem i butikken, for då kan dei få sjå og få det akkurat slik dei ønskjer. Underteikna vil også leggja til at då får dei seg ei førjulsoppleving som er ein rein nytelse. Der inne er det mykje fint som står og ventar på å glede ulike mottakarar.



På borda i Helheimkjellaren står flotte dekorasjonar systematisk sortert.



Litt av synet som møter ein når ein kjem inn i butikken.

Alle dei tre dyktige blomsterdekoratørane jobbar for fullt no i førjulstida, og i tillegg får dei god hjelp av Berit Anuglen som er på plass i julebutikken i år og, sjølv om ho har passert 80. Her er det rutine og fagkunnskap over heile linja. Fredag og laurdag er butikken open frå 9 til 18, søndag frå 14 til 18, vesle julaftan frå 9 til 18 medan dei har opningstid frå 9 til 12 på julaftan.

Butikken har også mange kundar som kjem frå andre bygder. Når dei først er i Uskedalen, kan dei stikke nedom Spar og hente pinnekjøttet eller det fantastiske sylteflesket. Hos Lises Krambu finn dei julegaver som ikkje er å få

kjøpt andre stader. Mange sikrar seg julebakst frå Elins Matgleder og god julemat frå Friheims Gardsmat. Og dei som ønskjer seg skikkeleg gode norske juleeple bør ta turen til Eik og Steinsletto.

Det er mest som om alle burde ta ein tur innom Uskedalen for å vera sikra ei topp julefeiring. På toppen av det heile får dei med seg synet av den store julegano som i år ei vakrare enn nokon gong med nye lys.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.